



Spelar på lag med naturen

På Bakkjen gard i Ølve kjem ikkje kunstgjødsel og kjemiske plantemidlar gjennom porten. Det nyt sauane og dessertbjørnebæra til Veronica Hellestveit godt av. Naturen også.

Om lag ti minuttars køyring frå fylkesvegen mot Ølve, der ein svingar av mot Skarvatun, ligg ei perle av ein plass kalla Fugleberg. Her ligg garden til Veronica Hellestveit og barna hennar på 15 og 18 år. Mange kjenner Veronica som psykiatrisk sjukepleiar, og som leiar i Hatlestrand og Ølve bondelag. På heimebane er ho økologisk bonde.

I ein innbydande og ryddig fjøs treff vi 34 staselege sauer av rasen gamalnorsk spelsau, som går mellom fôrbretten og liggeplassen av furu bak i båsen med stor sjølvfølgje. Når matmor kjem inn og fyller på med gras, stiller dyra seg på rad og rekke for å nyta maten, og ensar mest ikkje at framandfolk er inne og fotograferer.

– Hos meg har denne måten å organisera fjøsen med liggeplassar på fungert veldig godt. Dyra er svært rolege, toler godt at eg kjem inn, og brekar nesten aldri, fortel Hellestveit.

Kvart år skaffar ho seg ny vêt, og avlar på dei beste dyra sine for sal til andre bønder.

– I tillegg har eg tidlegare seld økologisk pinnekjøtt som eg har fått foredla, fortel ho.

Tunnelar og tålmod

Utanfor fjøsen på den idylliske garden står eit halvt mål med bjørnebærbuskar. Økologiske, desse òg.

– Eg dyrkar fram såkalla dessertbjørnebær. På berre hønsegjødsel, sol og vatn er det i grunnen nokså utruleg at eg greier å få såpass store og saftige bær som det eg får, og plukkinga krev veldig mykje arbeid. Dobbelt så mykje som ved å dyrka bringebær, forklarar ho.

Jo varmare og finare somrar, jo betre for bæra. Difor var sommaren 2014 ideell, medan sommaren i år var meir utfordrande. Følgjeleg tok det nokre fleire veker å modna bæra.

– Sesongen i år er faktisk nett ferdig, fortel Hellestveit, som likevel, ved hjelp av tunnellar, tålmod og godt stell klarte å hausta omlag 700 kilo bær.

Ho har òg 30 stikkelsbærbuskar på garden. Dei økologiske bæra sel ho til Isrosa i Herøysundet, som brukar dei i den økologiske isen sin, og til Bama Storkjøkken, som mellom anna distribuerer til hotell og restaurantar i Bergen.

– For ei tid sidan fekk eg ei melding av ein ven som åt på restauranten Kolonialen i Bergen, og som hadde fått servert økologiske stikkelsbær frå garden Bakkjen i Ølve. Det var stas. Eg merkar at folk er

blitt langt meir medvitne på kor maten dei et kjem frå, seier ho.

På lag med naturen

Hellestveit er fødd i England, men familien flytta til Bergen då ho var fem år. Som nyutdanna sjukepleiar ønskte ho å busetja seg meir landleg, sidan ho er oppteken av naturen. Slik hamna ho i Ølve som heimesjukepleiar. Ein kveld ho var ute og køyrde, trefte ho med eit uhell eit føl som hadde rømt frå eit jorde med øydelagt straumgjerde. Dyrlegen blei tilkalla, og slik gjekk det til at Veronica skulle få avgjort skjebnen sin.

– Eg og dyrlegen forelska oss, og han blei mannen min, smiler ho, og legg til at det heldigvis gjekk bra med følet, som berre var litt sjokkskada.

Bakkjen på Fugleberg var odelsgarden til mannen, som gjekk bort for snart elleve år sidan. I hans tid dreiv familien tradisjonell gardsdrift, og hadde kviger og eit par griser. Men alt då hadde dei eit mål med økologisk jorde, slik at Veronica skulle få viljen sin, som ho seier. Då ho blei enke og tok valet om å satsa vidare på garden, gjekk ho over til fullskala økologisk drift.

– Kvifor økologisk?

– Den viktigaste årsaka er at eg ønskjer å påverka den minst mogleg kunstig, men heller halda drifta så rein og naturleg som mogleg, forklarar Hellestveit.

Ho vedgår at det ikkje berre er enkelt, særleg med tanke på ugraset som får større spelerom.


– Men her har eg gjort ein veldig intens og grundig jobb med å grava opp det eg kan med ugras, og det merker eg har gjort susen. Viss eg tar ei økt kvart år, greier eg å halda det fint.

Lær av Austerrike

Sjølv om ho openbert har mykje å gjera på garden, er ho likevel berre deltidssonde. Ho jobbar framleis 50 prosent som psykisk helsearbeidar.

– Eg trivst veldig godt i jobben min, og det er vel den viktigaste årsaka til at eg framleis jobbar. Men så er det heller ikkje livsgrunnlag for å driva ein gard på denne storleiken på heiltid. Norsk landbrukspolitikk er diverre driven av ei satsing på dei store bruka, medan dei mellomstore og små nærast ikkje har ein sjanse, seier ho.

Bondelagsleiaren hentar fram ein artikkel frå Austerrike som engasjerer henne veldig.



MODERNE GARDSBRUK I KVINNHERAD

Kvinnheringane har vore bønder og drive gardsbruk i mange hundre år. Dei er ein del av den kvinnherske sjela. Men landbruket har utvikla seg mykje, og ikkje alle driv gard i tradisjonell forstand, slik dei gjorde på 50-talet. I denne serien skal vi bli kjent med den moderne gardbrukaren i Kvinnherad.



▲ **ØKOLOGISK I ØLVE:** På idylliske Fugleberg i Ølve har Veronica Hellestveit gamalnorsk spelsau og dessertbjørnebær som begge veks og lever etter økologiske prinsipp.



NAMN: Veronica Karpati Hellestveit
STAD: Bakkjen gard på Fugleberg i Ølve
BAKGRUNN: Sjukepleiar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid
OM GARDEN: Økologisk drift av gamalnorsk spelsau, bjørnebær og stikkelsbær. To hestar. Sjølve garden er 42 mål, men Hellestveit driv 112 mål til saman då ho har to leigegardar for beite og storfôr.